



Det vert lagt opp til eit variert og omfattande haustprogram i Dønhaugkjedlaren. ( Arkivfoto )

**Magne Huglen legg opp til eit variert og omfattande program i Dønhaugkjedlaren i haust. Det heile startar med Pubkveld alt fredag i denne veka. Kvelden etter er det Jazzkveld i regi av Husnes Jazzklubb. 26. oktober kjem Robert Smidt-Hald med band. Det vert konsert, lansering av ny plate og miniforedrag om nytt øl frå lokalt bryggeri i Bergensområde.**

Robert Smidt-Hald jobbar med bok om ølbrygging. Boka kjem ut på forlaget Cappelen/Damm og er snart klar for trykking. På konserten i Uskedalen vil Robert fortelja litt om bokprosjektet. Noko av stofftilfanget er henta frå Humlepungen sine bryggingar på Dønhaug.

Jazzkvelden med Eriksen og Dalland har vi skrive om før. Husnes Jazzklubb har funne sin jazzarena på Dønhaug. Frammøte er varierende, men stort sett bra.

Pubkveldane er lagt til datoane: 14. september, 12. oktober og 16. november.

Magne Huglen vurderer å leggja inn nokre julebord i desember for firma og venegrupper, dersom det er interesse og etterspurnad.

I tillegg til dette kjem private selskap. markeringar og arrangement i Dønhaugkjedlaren.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringrdal